



Nyttig og god informasjon frå SIM

**Husstandane i Uskedalen har motteke pakke frå SIM med viktig informasjon og posar for innsamling av plast og tekstil/klede. På framsida av brosjyren Velkomen til miljøsentralen, er det bilete av Oskar Langballe, dagleg leiar på SIM, Husnes. Kollega med Oskar er Lars Miles Storås frå Herøysundet.**

I pakken finn vi mykje god informasjon om Kvinnherad miljøsentralen og om korleis vi bør sortera avfallet før levering på Hunsnes. Med gode piktogram og velskriven tekst på nynorsk må det vera lett å gjera klart for rett sortering.

Målet med informasjonen er å leggja til rette for auke i avfall som går til ombruk eller attvinning. Årleg hamnar 19 kg. plastembalasje pr. innbyggjar i restavfallet. Dette er avfall som kan gjenvinnast. Over 7 kg. klede pr. innbyggjar går same vegen, klede som bør sendast til Fretex.

SIM skal ha ros for god og tydeleg informasjon om korleis vi alle kan redusera avfallet og på den måten ta vare på det totale miljøet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal